

VIKTIG INFORMASJON!

Endra hentefrekvens på avfall

Frå feb. 2020 er hentefrekvensen på avfallet hjå kvar abonnement endra, kvifor?


Økonomisk vekst og forbruk gjer at avfallsmengda held fram med å vakse i Norge. Målet er å produsere mindre avfall, samtidig som vi utnyttar ressursane betre.

EU vedtok i 2018 eit nytt avfallsregelverk som inneberer at materialgjenvinning for hushaldsavfall og avfall frå næringslivet skal aukast til 65 % i 2035. Følgeleg har Klima- og miljødepartementet utarbeida eit forslag til forskriftsregulering av krav til utsortering og materialattvinning av biologisk avfall og plastavfall.

Prinsippa

I avfallspyramiden grunngjev ein grunnprinsippa for avfallskretsløpet.

- Øvst står prinsippet om **avfallsreduksjon**– det å produsere mindre avfall.
- Punkt nummer to er **attvinning/ombruk**– det å bruke ting på nytt.
- Det tredje punktet handlar om **materialattvinning**– det å lage nye ting med brukt materiale.
- Fjerde prinsipp handlar om **energiattvinning**– det å brenne og utnytte restenergien positivt (for eksempel varmen).
- Det siste punktet, punkt fem, handlar om **deponering**– det å legge avfallet på dynga, eller andre forsvarlige oppbevaringsstader.



Basert på dei overordna måla og nasjonale føringar har vi valt å endre tømefrekvensen på restavfall og papp/papir til tredje kvar veke. Vi utvidar henteordninga med ein fraksjon glas-/ metallemballasje, og erstattar den gule plastsekken for innsamling av emballasjeplast med dunk. Har du ekstra mykje papp/papir, kan dette leverast gratis på gjenvinningsstasjonane. Du kan og sette igjen pappemballasjen i forretninga når du kjøper noko.

Kjeldesorterer du avfallet ditt godt, vil restavfallet gå ned, dette viser plukkanalyser som er utført.

Blåsekk

Renovest IKS har ikkje lenger høve til å levere ut gratis blåsekk til bleietrengane j.f. sjølvkostprinsippet. Dersom du treng blåsekk, kan du få kjøpt desse på Brunkeberg avfallsmottak. Frå 01.mars 2020 kan du også kjøpe desse ved alle våre 3 satelittmottak, Skårmoen, (Fyresdal), Vistad(dalen) og Hovdestad(Åmot).